Hus i gang med ny bok om eldre. 18.02.2016

Frå Syng med oss-arrangement på Husnestunet.

Boka Godt vaksen - kvinnheringar fortel og reflekterer over livet som Kristan Hus gav ut i samarbeid med sonen Kristen Børje Hus, vart ein stor suksess. Tilbakemeldingane var svært gode, og salget gjekk så godt at det no er tomt for bøker. Derfor er det gledeleg at Hus kjem med ein oppfølgjar til hausten.

Hus fortel at dei framleis er på eit tidleg stadium, men dei har så smått byrja å tenkje, skrive og fotografere. Tematikken blir den same som sist; livet til dei eldre. Men denne gongen skal dei sjå nærare på dei fem alders- og sjukeheimane i Kvinnherad, og det som føregår der.
Korleis er det på innsida? Korleis er det å flytta heimefrå og inn på ein heim med berre eldre og sjuke? Korleis er det for pårørande å ha sine foreldre og besteforeldre der? Kva tenkjer pleiarar som jobbar med eldre og sjuke, og kva for ein innsats gjer alle dei frivillige organisasjonane?

Fram til sommaren vil dei besøkja alders- og sjukeheimane, og dei håpar å få svar på spørsmåla ovanfor og meir gjennom samtalar med dei som dei møter og snakkar med. Dette er eit svært spennande, interessant og viktig prosjekt. Eg kjenner meg sikker på at også denne boka vil verta godt motteken av lesarane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Multipleks design